



Kor blir det av buss-skuret? Skal vi leva med ein farleg skuleveg? Det undrar desse våte elevane frå Korsnes (biletet). Leiar i Kornes Vel Tor Edward Taranger uttrykker seg slik:

- Ungane går på ein falleferdig skule. Då hjelp det ikkje når dei møter fram våte kvar dag det regnar. Dei har buss-skur på den andre sida av vegen, og det lagar ei farleg trafikk-felle. Det er ønskjeleg med gangfelt/undergang og redusert fart. På strekninga frå innkjørselen til Korsnes og til Rød, der det ikkje er gang- og sykkelsti, manglar det også veglyks. Hvis nokre politikarar meiner dei kan løysa desse små problema som for ungene i Korsnes er store, vil eg gjerne ha kontakt. Det er snart val, men eg ønskjer ikkje valflesk.

(Foto: Tor Edward Taranger)